

Gode Halvor,

eg vil starta denne helsinga med å takka. Takk for at du har vore ein biskop som har vore til stades i Bjørgvin bispedømme sine sokn og tolka bibelen sin bodskap til prostar, prestar og sokneborna. Takk for at du har sett, høyrt på og samtala med menneske i ulike fasar av livet. Takk for at du har medverka til ei open og inkluderande folkekirkje med takhøgde. OG. Takk for at du har medverka til meir himmel på jord.

Me lever i ei uroleg tid med mange og raske endringar. Mange kjenner på uro for framtida til seg sjølve, til barn og barnebarn. I slike tider treng me faste haldepunkt. Håp, tru på framtida og på at det gode skal sigra. Kyrkja si tolking av Bibelen er for mange eit slikt haldepunkt. Då trengs formidlaren av bodskapen. Ei kyrkje som vert oppfatta som kvardagsnær og viktig og som kan gje oss svar på dei vanskelege spørsmåla me tumlar med. Du har som biskop vore ein slik omsetjar, tolkar og formidlar, både direkte og gjennom di rettleiing av tilsette i Bjørgvin.

Då eg sat og tenkte på kva eg skulle helsa deg med i dag kom eg til å tenkja på at det er nokre parallellear mellom det å vera biskop og statsforvaltar. Biskopen fører tilsyn med sokna, eg fører tilsyn med kommunane. Eg skal tolka sentralstaten sine reglar og retningsliner og rettleia fokevalde og tilsette i kommunane. Biskopen tolkar Bibelen sin bodskap til prestar og sokneborn.

Men då denne tanken var tenkt måtte eg nok innrømme for meg sjølv at det eg steller med vart stussleg i høve den himmelen som kvelvar seg over biskopen sitt virke. Så der slutta tankerekka.

Men noko har me felles i våre virke. Ynskje om at dei som bur i Bjørgvin, eller Vestland, skal kunna leva gode liv. I harmoni med seg sjølve og sine medmenneske. Finne meinings i kvardagen og at me skal ha sterke fellesskap både i by og bygd.

Noreg er eit godt land å bu i. Men også her veks ulikskapane. Også i Bjørgvin. Kyrkja, staten og me alle har ei oppgåve i å hjelpe dei som ikkje alltid greier å hjelpe seg sjølve. Eg vil takke for den innsatsen kyrkja gjer i dette viktige arbeidet. Og som ny statsforvaltar ser eg fram til eit godt samarbeid til beste for folket me er sette til å tene.

Eg vil avslutte med eit lite dikt:

**DET GODE DU GIR**, frå diktsamlinga "Livet er så nært" (2011 Bente Bratlund)

*Det gode du gir blir aldri borte  
Det ligg att som varme  
i dei menneska som blir møtt  
Det logar som bål  
i dei som får del i ditt forråd  
  
Om du vinn heile verda  
Om du når dei høgaste tindar  
Det er det gode du gir  
som blir gøynt djupt i  
takksame hjarto*

Me er mange som er takksame for det store arbeidet du har langt ned som biskop i Bjørgvin bispedøme. Me ynskjer deg alt godt vidare på livsvegen, og vonar at di kloke røyst vil bli å høyra i ulike samanhengar i mange år frametter.